Ulstein kommune

STATENS KARTVERK
MØRE OG ROMSDAL
Sak/Dok.nr.: 94/36-11
Ark.nr.: 326.10
Saksbeh.: AEM Dato: 18/5-95

# MØTEBOK

## KULTURSTYRET

SAK NR. **KUL 0034/95**

| Møtedato: | Jnr. 93/00254 | Arkivnr.: | Sakshandsamar: |
|---|---|---|---|
| 10.05.95 | Reg. 95007653 | / /L32/&02/ | HK |

SAKA GJELD: **STADNAMNSAK - DIMNA ELLER DIMNØYA**
**KLAGE PÅ VEDTAK**

Vedlegg:
1. Skriv frå Statens kartverk Møre og Romsdal v/Alf E. Meisingset datert 29.03.95 - Melding om namnevedtak
2. Skriv frå Statens kartverk Møre og Romsdal datert 04.04.95 Melding om namnevedtak, forklarande tillegg.
3. Fylgjeskriv for klage på vedtak, datert 25.04.95, kopi til Ulstein kommune.
4. Vedtak i sak nr. K 61/94 og FK 102/94
5. Vedtak i sak nr. KUL 19/94

Statens Kartverk Møre og Romsdal har gjort vedtak i Stadnamnsak Dimna/Dimnøya om at namnet på øya skal vere Dimna. Kulturstyret vart orientert om dette vedtaket i kulturstyremøte 05.04.95, og ga uttrykk for at det skal sendast inn ei formell klage på dette vedtaket. Klagefristen er utvida slik at den kunne tilpassast kommunale utvalsmøte.

For grunngjeving av vedtaket syner eg til skriv frå Statens kartverk. Statens kartverk Møre og Romsdal er klageinstans. Som det går fram av vedlegg 1 vil Kartverket sende saka vidare til ei særskild klagenemnd oppnemnd av Kulturdepartementet dersom vedtaket vert halde oppe.

Saka vert teke opp etter initiativ frå kulturstyret. Saka vert lagt fram utan tilråding.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Heidi Marie Kragerud
kulturkonsulent

SAMRØYSTES VEDTAK:

Ulstein kulturstyre ber om at namnevedtak i stadnamnsak Dimna/Dimnøya vert gjort om, og at namnet på øya vert Dimnøya.

Utskrift til:

1. Ulstein kommunestyre til orientering
2. Statens kartverk v/Alf E. Meisingset

Ulsteinvik den 12.05.95
Heidi Marie Kragerud
Heidi Marie Kragerud
kulturkonsulent